



**BRITT
PERNILLE
FRØHOLM**

FOR ALLJE DEI

ta:lik



Irene Tillung spelar akkordeon på spor nummer 3, 8, 15, 17 og 18.

Innspela i Lommedalen kirke 23., 29., og 30. oktober 2007

Produsent: Therese Birkelund

Oppatak og mastrding: Audun Strype

Foto: Gunnhild Sindre/Andreas Ulvo

Grafisk formgjeving: Eva Karlsson

Engelsk omsetjing: Svein Svarverud

Stor takk til:

Therese Birkelund og Audun Strype for godt samarbeid og kunstneriske bidrag. Irene Tillung – du er ein fantastisk musikar. Gunnhild Sindre og Andreas Ulvo for fine bilete, Eli Førholm Olsen for gode ord, Harald Lund for god rigging og lån av bøge, Lars Lunde, Oline Løvli, Paul O.Tomasgard, Lars Jonny og Annlaug Nygård, Oddvin og Nina Gjerde, Svein Nesje, Elling Seljeset, Kristine og Oddrun Lillestål, mor og far, slekt og vener, alle dei gode musikarane som har inspirert meg, og ikkje minst takk til Jørgen.

Produksjonen er støttet av:

Fond for utevende kunstnere

Norsk Kulturråd

Hornindal kommune

Stranda kommune

Hornindal Spelemannslag

Kjelder:

Rolf Myklebust, 50 år med folkemusikk

Håkon Gausemel, artiklar om Kroka-Lars, Lars Thomasgaard og Lars Eriksen Brendefur

P.A.Lillebø, Bygdebok for Sunnlyven og Geiranger

Sleksbok for Hornindal «Ættelister for kvar gard i bygda», utarbeidd av Knut Svaar- Seljesæter, nytt opplag omarbeidd av Paul O.Tomasgard 1988

Hornindal spelemannslag: 20 års jubileumsskrift for Hornindal spelemannslag. Hornindal 1980

Booking:


Norwegian Traditional Music Agency

Telephone: +47 22 42 02 94

Mobile: +47 92 85 29 90

nff@folkodans.no

brittpernille@froholm.com
www.froholm.com



13. Helsing til Lars Hjellbakk, reinlender by Ragnvald Lunde

When Ragnvald had made this tune, he played it to Lars Hjellbakk to ask his opinion. Lars replied: "Oh, I suppose it will do." Lars Hjellbakk was a down-to-earth chap who didn't like unnecessary praise.

Ragnvald Lunde (1914–2003) was Lars Hjellbakk's pupil and a talented composer. He often competed in championships, both with a regular fiddle and the Hardanger fiddle. At the national championship at Otta in 1959 he won both classes outright, an unprecedented feat. In 1979, Ragnvald was made honorary member of both the Norwegian National Association for Traditional Music and Dance and the Hornindal fiddlers' group. In 1980, he was awarded a distinguished service medal for his contribution to traditional music, and in 1986 he received an award from the municipality of Hornindal.

14. Springar tunes in violin tuning

The first tune is *Søleiken*, after Lars Brendefur. The second, also after Brendefur, is in a somewhat older style.

The last one is after Samuline Seljeset (1804–1872). Samuline grew up at Moldsvor in the innermost part of Hornindal. Two of her sisters, Ingeborg and Synnøve, played the fiddle too. It is said they were taught to play by the traveling fiddler Blinde-Rasmus. Samuline was a talented performer and played at several weddings. She was the paternal grandmother of singer Elling Seljeset and the great-grandmother of Lars Hjellbakk.

15. Waltz after Spelar-Ola

ARR.: IRENE TILLUNG

I got this waltz partly from a recording by Andreas Hjellbakk, brother of Lars Hjellbakk, and partly from a transcription given to me by Svein Nesje.

16. Springar tunes in regular tuning

The first tune is *Ungdomsminne* by Olina Nygård. She didn't play the fiddle, but was a talented singer. This tune came into being after a whole night of dancing.

My granddad taught me the next tune, my first *springar* ever, supposedly after Iver Maurset. The last one, which I learnt from recordings by Leif Thomasgaard, is after Kroka-Lars. All three of them are excellent dance tunes.

17. Skorsk after Lars Thomasgaard

ARR.: IRENE TILLUNG

I learnt this tune from the fiddlers' group; playing it always gets my spirits up.

18. På fest i gubbestova, mazurka by Rasmus Brendefur

ARR.: IRENE TILLUNG

Rasmus Brendefur (1947–) is part of the long line of composers who have shaped the Hornindal style. Torunn Raftevold Rue taught me this tune.

19. Om kvelden

A fine, well-known tune from Hornindal with lyrics by Arnulf Øverland.

«HEILT SIDAN EG VAR LITA»

har slåttemusikken fascinert meg. Det var mykje musikk i heimen då eg voks opp, med ein bestefar som spela hardingfele, ein far som spela trekkspel og gitar, og ein eldre bror som spela trekkspel. Det var hardingfela eg alltid kjende ei dragning mot, og eg hugsa eg kunne sitje i timevis og høre på besten når han sat ute i kammerset sitt og spela om kveldane og fortalte meg historier frå gamle dagar. Eg byrja så smått å spele på ei lita gamal, svart fele som besten ein gong i tida hadde bytt til seg mot ein 25 kilos sekk med bygg, og første melodien eg lærte var «Fager kveldsol smiler». Seinare kom tilbodet om feleundervisning i valfag på skulen. Eg fekk Oddgeir Tomasdard som lærar, ei eldsjel av dei sjeldne som var ei sentral drivkraft for musikklivet i Hornindal på 70- og 80-talet. Etter kvart kom eg også med i spelemannslaget. Det var då eg verkeleg vart introdusert for honndals-spelet, og særleg slåttane til Lars Hjellbakk, som har sett så sterkt preg på folke-musikken i Hornindal. «Honndalstausene» vart nominert til spelemannspris på den tida, og det var sjølv sagt stor stas og svært inspirerande å høre desse flinke damene spele honndalsslåttar på fjernsynet.

Det er først etter at eg har budd vekke frå Hornindal nokre år, at det verkeleg har gått opp for meg kva for ein rik musikk- og kulturskatt vi har og har hatt i Nordfjord og på Sunnmøre. Eg har også vorte merksam på kor stort skapande og kreativt miljø det har vore innanfor eit relativt lite geografisk område, noko som er svært impone-rande.

På denne plata har eg gjort eit lite utval av slåttar og visetonar frå Hornindal og området ikring som eg tykkjer er svært gode. Dette er ein musikktradisjon eg er svært stolt av å kunne formidle vidare, og eg håpar at du også får glede av å høre alle desse gode slåttane.»

Britt Pernille Frøholm

Innspeling av grauten.
Lars Thomasgaard på trappa.



9. Springar after Lars Eriksen Brendefur

The tradition of Lars Eriksen Brendefur (1782–1879) contains some of the oldest preserved tunes in Hornindal. He was a soldier on the Swedish border during the war of 1807–1814, and had brought his fiddle along. When he played for Prince Christian August, the Prince was so enthusiastic that he gave Lars a fee of 25 *spesiedaler*. By the time he returned home, Lars's playing had earned him the 400 *spesiedaler* he needed to settle the debt on his farm.

I learnt this tune from recordings by Lars Hjellbakk and Leif Thomasgaard.

10. Springar after Kjelstad-Per

Kjelstad-Per (Per Kjelstad, 1824–1894) originally came from Sunnylven in the municipality of Stranda, but bought a farm at Solheim and settled in Hornindal, married Ola Kjelstad's aunt and became one of Kjelstad's first fiddle teachers. Said to be an exceptional performer, he has left behind a number of great tunes, especially of the springar variety. It is said that he spent a lot of time playing and trading tunes with Loms Jakob, a traveling salesman and fiddler from Skjåk.

This particular tune exists in several versions in Hornindal; I play it the way Leif Thomasgaard did.

11. Wedding marches after Lars Thomasgaard

Lars Thomasgaard (1865–1946) is said to have learnt a lot of tunes from Spelar-Ola, and to have been among the best performers at the champi-

onships in Ålesund in his youth. He was a regular wedding fiddler in his local region in Nordfjord and Sunnmøre, and often played with Ola Kjelstad. He switched from regular fiddle to Hardanger fiddle in 1906, and stuck to the Hardanger fiddle for the rest of his life.

Leif Thomasgaard (1896–1979) was Lars' son. He was born in Hornindal, but spent most of his life in Bergen, where he played in the local military band. He had a large repertoire and has left behind numerous recordings. He also composed a lot of good tunes. I have learnt these tunes from recordings by Leif.

12. Springar tunes after Kroka-Lars

Kroka-Lars (Lars Knudsen Kroken, 1807–1889) is one of Hornindal's earliest known master fiddlers. There are plenty of stories told about Kroka-Lars: His fiddle was supposed to have a black string that made his playing unmatchable and could even bewitch other fiddlers' instruments so that the strings broke or went flat. He had supposedly learnt this kind of sorcery from Blinde-Rasmus, a traveling fiddler who paid frequent visits to Hornindal. To ward off the spell, fiddlers must put a double grain of oat inside their fiddles. Kroka-Lars played a regular fiddle all his life. I learnt these two tunes from recordings by Leif Thomasgaard; his father Lars learnt them directly from Kroka-Lars himself.

Thomasaard attended these courses and picked up quite a few new tunes, and this is one of them. I learnt it from recordings by Lars Hjellbakk, Thomasaard's pupil.

Lars Hjellbakk (1889–1976) has left his mark on Hornindal music through a prolific output of tunes, many of which have become very popular. His large repertoire extended well beyond his own compositions. Lars' first teacher was his neighbour Spelar-Ola (Ole Olsen Hjellbakk), and later on he learnt a lot of tunes from both Ola Kjelstad and Lars Thomasaard. He was also a skilled fiddle-maker. In 1967, Lars was awarded a silver medal for meritorious services for his contribution to traditional music. He was also an honorary member of the Hornindal fiddlers' group.

6. Springar after Lars Olai Nygård

Lars Olai (1920–2000) was the son of Olina Nygård and lived on the farm next to where I grew up. He was a fiddler and a long-standing member of the Hornindal fiddlers' group. He gave up performing long before I started playing, but I had the good fortune to find a recording of him playing this springar.

7. Kjelstadhallingen by Ola Kjelstad

Ola Kjelstad's poetic leaning is exemplified by the original title of this tune: *The Changing Qualities of the Waterfall's Roar*. It has also been called *Fossegrimen* after the mythological water sprite, but today it is usually known as *Kjelstadhallingen* and counts among Kjelstad's finest work. I learnt

this tune from Liv Merete Kroken, who learnt it from her father Erling Kroken, who got it from Lars Hjellbakk, who had learnt it directly from Ola Kjelstad.

8. Knut Iverslåtten, reinlender by Ivar Knutson Seljeset/Ola Kjelstad

ARR: IRENE TILLUNG

Reputedly, this tune is derived from the harmony part Ivar Knutson Seljeset (1886–1962) was asked to provide for Ola Kjelstad's tune *Bryllaupsafta på Seljeset*, written for Olina Nygård's wedding in 1908. Some say that the tune was later embellished by Ola Kjelstad, which seems quite likely. Ivar emigrated to Vancouver, Canada in 1909. Writing from Vancouver to his sister Olina in Norway on November 4, 1958, Ivar says:

"I learnt from Helga's letter that something called Knui Ivar slaatien is being played over there. I'm not really sure which one this might be, so please let me know some time. Anyway, I'm delighted that the people back home still remember me and my music after almost fifty years' absence. As you know, music and song has always been my greatest joy in life."

He kept playing after he came to America. Later in the same letter, he says: "I play better now than I did in 1930, as long as I can get a good grip on the fiddle."

Ivar is reputed to have been a talented fiddler and along with Lars Thomasaard—one of the first in Hornindal to take up the Hardanger fiddle.





Elling Seljeset til venstre og Kristen Seljeset til høyre.

1. «Gløymska» etter Elling Seljeset

TEKST: IVAR AASEN

«Um kjerleg hug var det stundom sagt,
han aldri skulde få ende;
Og endå gjekk det no sidan skakt,
so hug te vanhug seg vende.
Men endå trur eg no helst uppå
at elskjen vara te enden må.
Der vil eg snu og ikkje tru
at gløymska vinnje på minnje.»

Elling Seljeset (1861–1951) var ein dyktig songar, og han var mykje brukt som føresongar i gravferder i Hornindal. I 1939 vart han oppdaga av kaptein Martin Linge, og Linge fekk Elling Seljeset i kontakt med kringkastinga. Elling reiste til Oslo og song inn mange songar i ein alder av 78 år. Tonen eg spelar her er frå Hornindal.

2. Springar etter Spelar-Ola

Denne springaren lærte eg av bestefaren min, Matias Frøholm, og den skal vere etter Spelar-Ola, Ole Olsen Hjellbakk (1850–1936). Spelar-Ola var smed til liks med mange andre honndøler. I ungdomen spela han mykje til dans, og han reiste rundt i sunnmørssbygdene der han drev med ljå og hestehandel. Han hadde nok vore tambur i dei militære, for han hadde ei tromme som han brukte i 17. mai-toget i bygda. Spelar-Ola hadde mykje truleg lært slåttar av Kroka-Lars og Magne Maurset, og han var sjølv lærermeister for både Lars Thomasgaard og Lars Hjellbakk.

Matias Ragnvald Frøholm (1907–2007)

Besten var fødd på Frøholm mellom Olden og Innvik i Stryn kommune. Far hans, Martinus, var også spelemann og i nær slekt med storspelarane Martin Sunde, John Øvreeide og Bolstad-karane, så han kunne mange slåttar etter desse. I unge år spela besten mykje til dans i lag med broren Martin, som også var ein habil felespelar. Då spela besten førstestemma, og Martin spela andrestemma og «kompa». I 1944 overtok han ein gard på Nygård i indre Hornindal saman med besta Brita. Han vart med i Hornindal Spelemannslag då det vart skipa i 1960, og eg har vore heldig og fått lære mange av besten sine slåttar.

Martinus, was a fiddler and a close relative of famous players like Martin Sunde, John Øvreeide and the Bolstad family, who taught him a lot of their tunes. He joined the Hornindal fiddler's group at its inception in 1960, and I'm very fortunate to have had him teach me so many of his tunes.

3. Gluggjen; skorsk/hamborgar by Ola Kjeldstad

ARR.: IRENE TILLUNG

Gluggjen is one of Ola Kjeldstad's best-known tunes, and came into being after Kjeldstad witnessed a young couple rolling down a slope in the early morning hours on the second day of a wedding at Framhus, Stranda. The *hamborgar* was a popular dance in the early 20th century, and Kjeldstad wrote quite a few.

Ola Kjeldstad (1854–1944) and Ivar Kjeldstad (1868–1914)

The Kjeldstad brothers from Sunnylven, Stranda, were widely known as musicians and intellectuals. Stylistically they were far apart. Ola was a farmer and manual worker who remained at Kjeldstad all his life and played mainly in his local community, while Ivar was a virtuoso performer who travelled the country and gave concerts in the cities. Between them, they have been a major influence on the Hornindal style.

Ola's first fiddle teachers were Lasse Røyrrhus and Per Kjeldstad (Kjeldstad-Per). He later studied with Samuel Storstein and Jørn Stadheim. Word has it that he started playing regularly at wed-

dings when he was ten years old and carried on well into his old age, composing a brand new tune for every wedding he played at.

This ensured his popularity as a performer, and Hornindal fiddlers were eager to learn his tunes. His brother Ivar would always bring new tunes home from his tours. In a review from 1907, Norwegian composer and critic Johan Halvorsen says of Ivar: “*Kjeldstad demonstrates what can be achieved by diligence and great musical talent. Kjeldstad's intonation is perfect, and his bowing quite astonishing. Add to this his effortless ease in the higher positions and his effective use of flageolets, pizzicato, staccato etc. Kjeldstad is the foremost virtuoso among Norwegian fiddlers.*”

Ivar Kjeldstad helped popularize the Hardanger fiddle in his local area. Many fiddlers, both in Hornindal and Sunnmøre, switched to Hardanger fiddle after hearing him play.

4. Rik du er

This popular Hornindal tune exists in several variants with different lyrics. My rendition is based on lyrics by Olina Nygård (1884–1974), a prolific poet and songwriter, sister of fiddler Ivar Knutson Seljeset and mother to Lars Olai Nygård.

She wrote this song in her old age as a tribute to the life she had led and to Knutsdalen, a valley that she loved dearly and where I myself grew up.

5. Springar after Jon Bolstad

Around 1885, Stryn master fiddler Jon Bolstad held a series of workshops in Hornindal. Lars

I've been fascinated by traditional music since childhood. I grew up in Hornindal, Nordfjord on the west coast of Norway, in a home full of music: My grandfather played the Hardanger fiddle, my father played accordion and guitar, and my older brother played the accordion. But it was always the Hardanger fiddle that held the strongest attraction for me, and I remember sitting for hours on end listening to my granddad playing his fiddle in the evenings and telling stories from the old days. I started learning to play on a little old black fiddle that my granddad had once traded for 50 pounds of barley. Later on, I had the opportunity to study fiddle playing in school.

My teacher was Oddgeir Tomasdard, a genuine enthusiast and a driving force in Hornindal's music community throughout the 1970s and 80s. After a while, I joined the local fiddlers' group and started really getting to know the Hornindal style, in particular the tunes of Lars Hjellbakk, a major influence on Hornindal music.

Honndalstause ("The Hornindal Girls") were nominees for a *Spelemann* award around that time, and watching such talented ladies playing Hornindal music on national television was a real treat. But it was only after living away from Hornindal for several years that I truly realized how rich and varied the musical and cultural heritage of Nordfjord and Sunnmøre is, and how much creative effort is concentrated into that relatively small area.

For this recording, I have selected a number of my favourite tunes and songs from Hornindal

and the immediate vicinity. I am very proud to be a part of this tradition, and sincerely hope that you will enjoy listening to these great tunes.

Britt Pernille Frøholm

1. **Gloymska, after Elling Seljeset**

Elling Seljeset (1861–1951) was a talented singer much sought after for Hornindal funeral services. In 1939, Martin Linge (who was to win lasting fame during W.W. II) brought Seljeset to the attention of the Norwegian Broadcasting Corporation, which resulted in Elling travelling to Oslo to record a large number of songs at the ripe age of 78. This is a Hornindal tune.

2. **Springar after Spelar-Ola**

My granddad Mathias Frøholm taught me this tune in the tradition of Spelar-Ola (Ole Olsen Hjellbakk, 1850–1936). Like so many other Hornindal natives, Spelar-Ola was a blacksmith. He spent his youth playing at dances and selling scythes and horses around Sunnmøre. At some point he was probably a drummer in the army, because he owned a drum that he used to bring out for the local Independence Day parade. Spelar-Ola probably learnt his tunes from Kroka-Lars and Magne Maurset, and in his turn he had both Lars Thomasgaard and Lars Hjellbakk as pupils.

Mathias Ragnvald Frøholm (1907–2007)

My grandfather was born on the farm Frøholm in the municipality of Stryn. His father,

3. «Gluggjen», skorsk/hamborgar av Ola Kjelstad

ARR.: IRENE TILLUNG

Ola Kjelstad spelte i mange bryllaup. «Gluggjen», som er ein av dei mest kjende slåttane hans, vart til ved ladegluggjen andre dags morgen i eit bryllaup på Framhus på Stranda, etter at Ola var vitne til at eit ungtr par før rullande ned ei skråning.

Hamborgar var ein populær dans tidleg på 1900-talet, og Ola komponerte mange gode hamborgarar eller skorskar, som dei også vart kalla.

Ola Kjelstad (1854–1944) og Ivar Kjelstad (1868–1914)

Kjelstadbrørne var frå Sunnlyven i Stranda kommune. Dei var vidgjetne både som musikarar og som åndsmenneske, trass store skilnader i uttrykk og spelestil. Ola var bonden og grovarbeidaren som heile sitt liv var bufast på Kjelstad, og som var spelemann i lokalmiljøet. Ivar var virtuosen og nasjonalmusikaren som heldt konserter i byane. Dette to har i stor grad sett preg på honndalspelet.

Ola hadde Lasse Røyhrus og Per Kjelstad (Kjelstad-Per) som første læremestrane på fele, og seinare Samuel Storstein og Jørn Stadheim. Det vert sagt at han spela i bryllaup allereie som tiåring og heilt fram til han var ein gammal mann. Til kvart bryllaup han spela i laga han ein ny slått, og han var elles ein svært produktiv slåttekomponist.

Dette gjorde at han vart populær, og honn-

dolene var ivrige etter å lære slåttane hans. Bror hans, Ivar Kjelstad, kom alltid heim att med nye slåttar etter å ha vore ute på spelferd, og dette var sjovsagt stor stas. Ivar var ein virtuos av ein spelemann, og i ein konsertkritikk skriv Johan Halvorsen: «Kjelstad staar som udtryk for hva en mand med flid i forbindelse med udprægede musikalske anlag kan faa til. Kjelstads intonation er feilfri, hans bueføring rent ud forbausende. Dertil færdes han med største lethed i de høiere posisjoner, anvender flagoletter, pizzekato, staccato osv. med den største virkning. Kjelstad er virtuosen blant vore nationale spillemed. Kristiania 26-11-1907 Johan Halvorsen»

Ivar Kjelstad var også med på å giøre hardingfela populær i heimtraktene sine, og det var mange spelemenn både i Hornindal og på Sunnmøre som gjekk over til hardingfele etter å ha hørt han spele.



Ola Kjelstad til venstre og Ivar Kjelstad til høgre.

4. «Rik du er»

Dette er ein mykje bruk tone i Hornindal som finst i ulike variantar og med ulike tekstar til. I mi tolking av tonen har eg basert meg på denne teksten skriven av Olina Nygård (1884–1974). Olina Nygård var fødd på Seljeset og gifte seg til Nygård. Ho hadde ei sterk lyrisk åre og dikta mange songar og viser. Ho var søster til spelemannen Ivar Knutson Seljeset og mor til Lars Olai Nygård.

Denne teksten skrev ho på sine eldre dagar som ein hyllest til livet ho hadde levd, og til Knutsdal – setredalen som ho var så glad i. I denne setredalen trødde også eg mine barnesk.

Det er seksten vers i denne teksten. Her er fire av dei.

«Rik du er på kjære minne du min skjonne barnomsdal. I din tette skog eg finne tuft av gammal lodesad. Her me gjekk i barndomsdagar, slo so loda laut bli full, i det hoy me seng oss laga, sommarnatt du skjon som gull.

Bjørkerøter dei har fletta bort dei gamle foteigar. Til grodd er den gamle sletta der vi sat og fekk oss mat. Jau der ser eg no den same kvilestein frå gamalt var, mens dei kvila, heldt dei gaman, om det tunge bører bar.

Her eg sit på kvilesteinen, prøvar sjå det so det var, lada ho var sjølve heimen, hyste det vi bar te gards. Ladeboen ljos og romsleg, kvør og hesjar, sledefar. Han laut vere av dei besta han som her var koyrekar.

Strynesetra deg eg minnest som mitt ungdomslyse slott, sumarkveld og ungdomsglaude leikar sorglaust i eit kott. Månen skein i fremste skaret heilt te Hondonsvad i aust, stjerner tankefullt dei blenkjer, livet her går fort mot haust.»

5. Springar etter Jon Bolstad

Rundt 1885 var stor spelaren og stryningen Jon Bolstad i Hornindal og heldt fleire spelekurs. Lars Thomasgaard lært mellom anna denne springaren på eit av desse kursa. Lars Thomasgaard var læraren til Lars Hjellbakk, og denne springaren har eg lært etter opptak med Lars Hjellbakk.

Lars Hjellbakk (1889–1976) har sett preg på mykje av musikken ved å komponere mange gode slåttar som i dag er mykje brukt, og som har blitt eit kjennemerke for honndalsspelet. Han hadde også ei stor slåttekunne utover sine eigne slåttar. Første læraren til Lars var Spelar-Ola, Ole Olsen



Lars Hjellbakk.

Hjellbakk, og han var også ein dyktig slåttekomponist. Han deltok ofte på kappleikar, både på vanleg fele og hardingfele. På landskappleiken på Ota i 1959 toppa han begge desse klassane, noko som til då ikkje hadde hendt før. I 1979 vart Ragnvald heidersmedlem både i Landslaget for Spelemenn og Hornindal spelemannslag. I 1980 vart han tildelt kongens fortjenestemedalje i solv for arbeidet med folkemusikken, og i 1986 fekk han Hornindal kommune sin kulturpris.

14. Springarar på nedstilt bas

Den første springaren eg spelar er «Sotleiken», ein springar etter Lars Brendefur. Den andre er også etter Lars Brendefur og har ein noko eldre karakter. Siste slåtten er etter Samuline Seljeset (1804–1872). Samuline voks opp på Moldsvor i indre Hornindal. To av sostre hennar, Ingeborg og Synnøve, spela også fele. Dei skal ha lært å spele av den omreisande spelemannen Blinde-Rasmus.

Samuline var ein dugande felespeler og spela i fleire bryllaup. Ho var farmor til songaren Elling Seljeset og oldemor til Lars Hjellbakk.

15. Vals etter Spelar-Ola

ARR.: IRENE TILLUNG

Valsen har eg delvis etter eit opptak med Andreas Hjellbakk, som var bror til Lars Hjellbakk, og delvis etter ei noteoppskrift eg fekk med Svein Nesje.

16. Springarar på oppstilt bas

Første springaren heiter «Ungdomsminne», og det er Olina Nygård som har laga denne. Ho spela ikkje fele, men ho var god til å syngje og tralle slåtar. Ho sa om denne slåtten at han er omen etter dansarstove. Slåtten er eit resultat av å ha dansa springar ein heil kveld. Andre slåtten har eg lært med besten, og det var den aller første springaren eg lært meg. Denne skal vere etter Iver Maurset. Siste slåtten har eg lært etter opp tak med Leif Thomasgaard, og han er etter Kroka-Lars. Gode danseslåttar alle tre.

17. Skorsk etter Lars Thomasgaard

ARR.: IRENE TILLUNG

Slåtten har eg lært i spelemannslaget, og eg blir alltid i godt humor av å spele han.

18. «På fest i gubbestova», masurka av Rasmus Brendefur

ARR.: IRENE TILLUNG

Rasmus Brendefur (1947–) stiller seg i rekka av mange gode slåtekomponistar som har sett sitt preg på honndalsspelet. Slåtten har eg lært av Torunn Raftevold Rue.

19. Om kvelden

Ein velkjend og vakker tone frå Hornindal som Arnulf Øverland sette tekst til.

slåttar. Slåttane har eg lært etter opptak med Leif Thomasgaard.

12. Springar etter Kroka-Lars

Kroka-Lars, Lars Knudsen Kroken (1807–1889), er ein av dei tidlegast nemnde storspelarane vi kjenner til i Hornindal. Det har vorte fortalt ulike historier om Kroka-Lars, mellom anna at han hadde ein svart streng. Når han hadde svartestrenge på fela var han i storform, og ingen andre spelemenn eller spelekvinne kunne måle seg med han. Når han hadde denne strengen på, kunne han forhekse felene deira. Dette skulle han ha lært av Blinde-Rasmus, ein omreisande spelemann som var mykje i Hornindal. Strengane slitna og kom ut av stille, bogen var

ikkje lik seg lenger, og tonen vart matt og livlaus. For å verje seg mot trolldomen hans, hjelpte det å putte eit dobbelt havrekorn i fela. Kroka-Lars nyttja den vanlege fela all si tid.

Desse to springarane har eg lært etter opptak med Leif Thomasgaard. Far til Leif, Lars Thomasgaard, lærte desse hjå Kroka-Lars.

13. «Helsing til Lars Hjellbakk», reinlendar av Ragnvald Lunde

Då Ragnvald hadde laga denne slåtten spelte han den for Lars Hjellbakk. Ragnvald lurte på kva Lars tykte om den. Lars svara: «aja, an e vel vel nukk». Lars Hjellbakk var ein jordnær mann som ikkje tok for hardt i når det gjaldt skryt.

Ragnvald Lunde (1914–2003) var elev av Lars

Hjellbakk, som også var grinnen til Lars. Seinare lærte han mange slåttar med både Ola Kjelstad og Lars Thomasgaard. Lars var også ein dyktig felemakar og bygde mange hardingfeler. I 1967 fekk han kongens fortjenstmedalje i sølv for sitt arbeid med folkemusikken. Han var også heidersmedlem i Hornindal Spelemannslag

6. Springar etter Lars Olai Nygård

Lars Olai (1920–2000) var son til Olina Nygård og budde på grannegarden der eg voks opp. Han var felespolar og aktiv i Hornindal Spelemannslag i fleire år. Han var diverse slutta med speling for eg byrja å spele, men eg var så heldig å finne eit opptak med han der han spelar denne springaren.

7. «Kjelstadhallingen» av Ola Kjelstad

At Ola Kjelstad var skrifvefør er ei velkjend sak, og at skrifvemåten også kunne vere ganske så poetisk er den opphavlege titelen til denne slåtten eit godt døme på. Slåtten vart først kalla «Fosseurens vekslende fremtoning», og har også vorte kalla «Fossegrimen». I dagleg tale blir han no kalla «Kjelstadhallingen», og dette er ein av dei største slåttane Ola Kjelstad komponerte. Slåtten har eg lært med Liv Merete Kroken. Ho har lært han av far sin, Erling Kroken, som har lært han av Lars Hjellbakk. Lars Hjellbakk lærte han direkte av Ola Kjelstad.



Hornindal
spelemannslag
frå bryllaups-
speling i 1961.



Ivar
Knutson
Seljeset.

8. «Knut Iver slåtten», reinlendar av Ivar Knutson Seljeset/Ola Kjelstad

ARR.: IRENE TILLUNG

Ivar Knutson Seljeset (1886–1962) skal ha blitt beden om å lage andrestemme til slåtten «Bryllaupsafta på Seljeset», som Ola Kjelstad skal ha komponert til Olina Nygård sitt bryllaup i 1908. «Knut Iver slåtten» skal vere eit resultat av dette. Somme meiner også at Ola Kjelstad seinare har bygd han ut, og dette kan nok stemme. Ivar utvandra til Vancouver i Canada i 1909. Ivar skreiv heim til søstra Olina den 4.november 1958 frå Vancouver i Canada:

«Jeg ser i Helga's brev at dere får høre Knut Iver slåtten. Jeg kan ikke tenke meg hvad for en det kunde være, saa dere maa underrette mig om det nogen gang. Men det er en glede for mig at folk og venner der hjemme endnu hugser mig og min musik etter snart 50 aars fravært. Ja, som du vet saa har musik og sang alltid vært mitt livs lyst.»


Han heldt fram med fela i Amerika, for han skriv seinare i brevet: «Jeg kan spille bedre nu end jeg gjorde i 1930 naar jeg bare kan faa felen i godt stille.»

Ivar skal ha vore ein dyktig spelemann, og saman med Lars Thomasgaard skal han ha vore blant dei første som tok hardingfela i bruk i Hornindal.

9. Springar etter Lars Eriksen Brendefur

Lars Eriksen Brendefur (1782–1879) er blant dei eldste kjeldene vi har slåttar etter i Hornindal. Han var aust ved svenskegrensa som soldat i krigsåra frå 1807–1814, og han hadde med seg fela i felten. Ein gong spelte han for prins Christian August, og prinsen vart så oppglødd at Lars fekk tjuefem spesidalar i spelepengar av prinsen. Lars tente så gode pengar på å spele til prinsen at då han kom heim, hadde han tent nok til å betale gardsgjelda si som var på 400 spesidalar.

Slåtten har eg lært etter optak med Lars Hjellbakk og Leif Thomasgaard.



*Lars Eriksen
Brendefur.*

10. Springar etter Kjelstad-Per

Kjelstad-Per (Per Kjelstad) (1824–1894) var innflyttar frå Sunnylven i Stranda kommune. Han kjøpte seg gard på Solheim i indre Hornindal og busette seg der. Kjelstad-Per var gift med farstyster til spelemannen Ola Kjelstad, og han var også ein av første lærermestrane til Ola Kjelstad. Han skal ha vore ein svært dyktig spelemann, og det finst fleire gode slåttar etter han, særleg springarar. Han skal ha bytt slåttar og spela mykje saman med Loms-Jakob, den omreisande skreppehandlaren og spelemannen frå Skjåk.

Slåtten eg spelar her finst i ulike utgåver i Hornindal. Eg har lært meg slåtten slik Leif Thomasgaard spelte han.

11. Bruremarsjar etter Lars Thomasgaard

Lars Thomasgaard (1865–1946) skal ha lært mange slåttar med Spelar-Ola. I sine unge år deltok han på kappleikar i Ålesund og skal ha vore mellom dei beste. Han var fast bryllaups-spelemann i dei nærmeste bygdelaga i Nordfjord og på Sunnmøre, og han spela mykje i lag med Ola Kjelstad. I 1906 skifta han frå vanleg fele til hardingfele, som han brukte fram til han døydde.

Leif Thomasgaard (1896–1979) var son til Lars Thomasgaard. Han var fødd i Hornindal, men levde mesteparten av livet sitt i Bergen der han spela i divisjonsmusikken. Han hadde ei stor slåttekunne, og det finst mange innspelingar med Leif. Han har også komponert mange gode

